



ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon

Rasmus Rikter-Svendsen, 5557 2774

Løyve etter forureiningslova til tiltak i sjø - Hjelmås dekkdeponi

Statsforvaltaren i Vestland gir Alver kommune løyve til anleggsarbeider i sjø. Tiltaket gjeld fjerning av om lag 1200 m³ bildekk og påfølgjande tildekking av sjøbotn utanfor Hjelmås kai i Alver kommune.

Løyvet er gitt med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16. Vilkår for løyvet er gitt i vedlegg som følgjer dette brevet.

Vi viser til søknad av 27. mai 2026 frå Asplan Viak, på vegne av Alver kommune, om løyve etter forureiningslova til tiltak i sjø ved Hjelmås, Alver kommune.

Vedtak om løyve

Statsforvaltaren gjev Alver kommune løyve til anleggsarbeider i sjø. Løyvet med krav og vilkår ligg vedlagt. Løyvet gjeld frå dags dato. Løyvet er heimla i forureiningslova § 11, jf. § 16. Løyvet er gjeve på spesifikke vilkår som er lista opp i eige vedlegg. Statsforvaltaren har i avgjerda lagt vekt på dei forureiningsmessige ulemper ved tiltaket jamført med dei fordeler og ulemper som tiltaket dessutan vil medføre. Statsforvaltaren har regulert dei forholda som er vurdert til å ha dei mest alvorlege miljømessige konsekvensane.

I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, pliktar verksemda å overhalde forureiningslova og produktkontrolllova, med tilhøyrande forskrifter. Nokre av forskriftene er nemnde i løyvet. For informasjon om andre reglar som kan vere aktuelle for verksemda, viser vi til heimesida til Miljødirektoratet www.miljodirektoratet.no.

Vedtak om gebyr for sakshandsaming

Statsforvaltaren tar gebyr for arbeid med løyve og kontroll etter forureiningslova. På bakgrunn av Statsforvaltarens ressursbruk i saka, tek vi gebyr etter sats 6, 47 300 kroner, for handsaming av søknaden, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-3 og 39-4. Faktura vert sendt frå Miljødirektoratet. Sjå forureiningsforskrifta kapittel 39 for å lese meir om sakshandsamingsgebyret.



Bakgrunn for saka

Alver kommune planlegg å fjerne eit historisk dekkdeponi på sjøbotnen utanfor Hjelmås kai. Deponiet består av bildekk og dekkrestar som stammar frå industriell produksjon av skytemattar på 70- og 80-talet. Dekka har sidan den tid lege urørte på sjøbotnen og utgjer om lag 1 200 m³. Formålet med tiltaket i sin heilheit er å redusere spreining av miljøgifter og gummipartiklar, samt betre miljøtilstanden i området.

Miljøundersøkingar utførte av Norconsult i 2023 viser at sedimenta er sterkt påverka av miljøgifter og er klassifisert opp til tilstandsklasse V (svært dårleg) for enkelte parametere, som koppar, kvikksølv og PAH-forbindingar. Det er også påvist spreining av mikroplast og gummipartiklar i området. Deponiet er vurdert til å gje ein lokal kjelde til forureining, særleg med omsyn til spreining av gummipartiklar. Samstundes viser analysane at dei høgste konsentrasjonane av organiske miljøgifter kan knytast til andre kjelder, som småbåthamna ved Hjelmås.

Asplan Viak søkjar, på vegne av Alver kommune om løyve etter forureiningslova til fjerning dekkdeponiet. Det vert nytta lekter med grabb for å ta opp dekk frå sjøbotn. For å avgrense spreining av forureining vil det nyttas sug og/eller siltgardin. Endeleg metodikk vil bli fastsett i samråd med entreprenør. Etter opptak skal dekk reingjerast for sediment før vidare handtering. Dekka skal fortrinnsvis spylast i sjø, innafor etablert siltgardin. Reingjorde dekk skal så tørkast på tett dekke og fraktast til godkjent mottak.

Etter at dekk er fjerna vil tiltakshavar dekkje til dei mest forureina områda på sjøbotnen med reine massar. Tildekkinga vil først bli gjennomført etter at det er stadfesta at alle synlege dekkrestar er fjerna, og området er kartlagt på ny. Det vil bli gjort ein ny vurdering av behovet for tildekking og omgang av tiltak etter den nye kartlegginga føreligg. Tiltakshavar vil fortrinnsvis dekke til dei områda som er forureina over tilstandsklasse II-III¹. Tildekkinga skal gjennomførast på ein måte som sikrar stabile massar og varig dekning av dei forureina områda.

Arbeidet er planlagt gjennomført i perioden september 2026 – mars 2027 men kan bli utsett eit år eller lengre.

Høyring

Søknaden ble sendt offentlege instansar og var lagt ut til offentlig høyring i perioden 4. juni 2026 til 6. juli 2026.

Vi mottok 5 fråsegn frå hhv. Mattilsynet, Bergen Sjøfartsmuseum, Alver kommune, Fiskeridirektoratet og Norges Miljøvernforbund.

Under følgjer ein oppsummering av fråsegna. Svar frå Alver kommune er markert med blå skrift.

Mattilsynet (datert 18.06.2026)

Mattilsynet har ingen merknader då tiltaket ikkje vert vurdert å påverke akvakultur eller fiskehelse negativt.

¹ Grenseverdier for klassifisering av vann, sediment og biota, M608/2020 Miljødirektoratet



Bergen Sjøfartsmuseum (datert 26.05.2026)

Bergen Sjøfartsmuseum gav tidlegare uttale til Vestland fylkeskommune i denne saka 26. mai 2026, og gav same merknadar til denne høyringa. Museet kjenner til fleire kulturminne som er registrert i nærleik til tiltaksområdet. Dei gjer spesielt merksam på at det nyleg er registrert et anker (kulturminne-ID 34159) svært nær det planlagde tiltaket. Dei gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom dei under arbeidet finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne, og oppmodar til særleg aktsemd under arbeidet.

Svar frå Alver kommune: "Vi vil hensynta kulturminner i sjø under arbeidet, og vil også melde inn evt funn av kulturminner til Vestland fylkeskommune. Anker med kulturminne-ID 34159 vil sannsynlegvis komme i konflikt med tiltaket og vi vil derfor søkje Vestland fylkeskommune om dispensasjon til å enten dekkje til ankeret eller ta det opp for å levere til Museum Vest."

Fiskeridirektoratet (datert 07.07.2026)


Basert på ei fagleg prioritering gir fiskeridirektoratet uttaler i saker der dei ser at tiltaket kan gi vesentlege negative konsekvensar for fiskeri- og akvakulturinteresse, og/eller at avbøtande tiltak ikkje er tilstrekkeleg innarbeida i saka. På bakgrunn av dette gav ikkje fiskeridirektoratet eit konkret svar i denne saka.

Svar frå Alver kommune: Vi hensyntar at det er to gyteområder i nærleiken og skal unngå å utføre tiltaket i gyteperioden februar-april.

Alver kommune v/miljø og byggesak (datert 01.07.2026)

Kommunen gjer merksam på at det ikkje føreligg reguleringsplan for sjøområdet ved Hjelmås kai. Den gjeldande planen er *Interkommunal plan for sjøareal i region Nordhordland*, vedteken 21. november 2023. Etter ein vurdering er tiltaket i samsvar med føresegnene i planen.

Dei gjer merksam på at det i inste del av Hjelmåsvågen er registrert om lag 11 private avlaupsanlegg. Frå disse anlegga er eit eventuelt leidningsnett i sjøen i stor grad ukjent. Frå Larsholmen går det minst to avlaupsleidningar, og dei kan ikkje utelukka at det finst fleire private avlaupsleidningar i tiltaksområdet. Det går og kommunale vassleidningar på tvers av vågen. Dei ber om at vass- og avlaupsleidningar tas omsyn til i sakshandsaminga.



Figur 1: Kartutsnitt av kommunalt VA og private avlaupsanlegg. Teke frå Alver kommunes høyringsfråsegn.

Svar frå Alver kommune: Vi er klar over at det er ein del vass- og avlaupsleidningar i området og vil hensynta desse under arbeidet med dekkdeponiet.

Norges Miljøvernforbund (datert 07.07.2026)

Forbundet støtter i hovudsak at dekkdeponiet skal fjernast frå sjøbotn med grabb. Dei støtter derimot ikkje tildekking av den forureina sjøbotnen med sand og stein. Deira erfaring med siltgardiner er varierande, og påpeker risikoen for lekkasje dersom siltgardina ikkje er montert skikkeleg. Dette er særskild viktig da sedimenta er forureina i tilstandsklasse V (svært dårleg). Det forureina område ligger i eit skrånande undervatnsterreng, og dei påpekar at dette må tas omsyn til saman med straum og andre forhold. Dei ønskjer derfor at det etablerast eit sugepunkt på innsida av siltgardina for å sikre undertrykk i bassenget, som hindrar utlekking av sediment.

Dei ønskjer også at tildekking av sediment ikkje gjennomførast, men at heile området slamsugast etter dekkdeponiet er fjerna. Slammet, saman med vann, må behandlast i eit rensesystem og behandlast som avfall.

Svar frå Alver kommune: Vi støttar oss til anbefalte tiltak i Norconsult sin rapport og der er det tilrådd tildekking av sediment etter at dekkdeponiet er fjerna. Vedrørande siltgardin så vil vi stille krav til utførande om at riktig utførelse er viktig.

Rettsleg grunngjeving for løyvet

Forureiningslova

Etter forureiningslova § 7 må ingen sette i verk noko som kan medføre forureining utan at det er lovleg etter unntaksreglane i §§ 8 eller 9, eller tiltaket har løyve etter § 11. Midlertidig arbeid i sjø er



som hovedregel lovleg utan løyve, jf. forureiningsforskrifta § 8 fyste legg nr 3, når forureininga er å anse som «vanleg». Ettersom det skal fjernes om lag 1 200 m³ bildekk frå sterkt forureina sjøbotn, vil arbeidet medføre spreining av forureina finstoff. Forureininga frå tiltaket er dermed «uvanleg», og krev løyve etter forureiningslova § 11, med vilkår for utføring etter § 16.

Når Statsforvaltaren vurderer om det skal gis løyve til forureinande verksemd, og eventuelt på kva for slags vilkår, skal vi legge vekt på forureiningsutlempene frå tiltaket saman med fordelar og ulemper tiltaket elles kan føre til, jf. forureiningslova § 11 siste ledd. Statsforvaltaren legg til grunn anbefalingar i Miljødirektoratets rettleiar M-350/2015² i vår vurdering av saka.

Naturmangfaldlova

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i lovas §§ 8 til 12 leggast til grunn som retningslinjer år Statsforvaltaren tek avgjerder som rører ved naturmangfald. Disse rettsprinsippa omfattar vurdering av kunnskapsgrunnlaget, «føre-var-prinsippet», samla belastning, bruk av miljøforsvarlege teknikkar, og kostnader bæres av tiltakshavar.

Vassforskrifta

Søknader om løyve til tiltak i sjø og vassdrag skal også vurderast etter vassforskrifta. Vassforskrifta inneheld forpliktande miljømål om at styresmaktar skal sørge for at alle vassførekomster skal oppnå god kjemisk og økologisk tilstand innan 2027 med mindre det er gitt unntak med heimel i § 9 eller § 10.

Avgrensing mot plan- og bygningslova og kulturminnelova

Statsforvaltaren kan ikkje gje løyve etter forureiningslova § 11 dersom dette er i strid med endelege planer etter plan- og bygningslova. Alver kommune har uttalt at tiltaket er i tråd med gjeldande plan for tiltaksområdet.

Når det gjeld det registrerte marine kulturminnet (historisk anker med kulturminne-ID 34159) som ligg i tiltaksområdet og truleg kjem i konflikt med anleggsarbeidet, gjer Statsforvaltaren merksam på at dette er eit tilhøve som må løysast direkte mellom partane.

Statsforvaltaren si handsaming og løyve etter forureiningslova regulerer berre dei forureiningsfaglege rammene for tiltaket, og tek ikkje stilling til dispensasjonar eller praktisk handtering etter kulturminnelova. Eventuell søknad om dispensasjon, flytting, uttak eller tildekking av ankeret må difor avklarast, handsamast og løysast direkte mellom tiltakshavar (Alver kommune), Bergen Sjøfartsmuseum (Museum Vest) og Vestland fylkeskommune som regional kulturminnemyndigheit før det vert sett i verk fysiske arbeider på den aktuelle lokaliseringa.

Vår vurdering av søknaden

Statsforvaltaren vurderer at søknaden med tilhøyrande dokumentasjon er i samsvar med forureiningsforskrifta § 32-2 sine krav til innhald i søknad om løyve etter forureiningslova.

Statsforvaltaren vurderer at fare for forureining og negativ påverknad frå arbeida blir redusert med dei avbøtande tiltak som er foreslått i søknad av 27. mai 2026. Vilkåra i løyvet byggjer i hovudsak på tiltakshavars søknad, men inneheld og nokre tilleggskrav.

² [Veiledning for håndtering av sediment – Miljødirektoratet \(2018\)](#)



Grunngjeving for valde vilkår og krav

Partikkelspreiing og tilslamming

Anleggsarbeid med grabb og tildekking med sand og stein vil kunne medføre spreining av sediment og finstoff som kan ha negative effektar på naturverdiar og fiskeriinteresse. Det kan blakke vatnet og nedslamme omkringliggande sjøareal, og spreining av forureining kan ha negative effektar på fisk, marint naturmiljø og menneske. Det er ikkje påvist særleg sårbare naturtypar i området, men vi sett likevel strenge vilkår for å redusere forureining til eit akseptabelt nivå.

Søklar opplysar at dei enten skal nytte siltgardin eller bruk av sug under heving av bildekka. Endeleg løysning blir vald i samarbeid med entreprenør. Dersom dei nyttar siltgardin skal den inspiserast jamleg for å kontrollere effekt og avdekke eventuell partikkelspreiing.

Spreiing av partiklar frå tiltaket skal overvakast med turbiditetsmålere på utsida av siltgardinene. Det som er sær viktig er at turbiditetsmålarane vert plassert på djup og stadar som er representativ for transportvegane for partiklar i sjø. Detaljane om korleis dette skal gjennomførast skal dokumenterast i plan for kontroll og overvaking som skal sendast til Statsforvaltaren før oppstart. Dersom grenseverdiar for turbiditet ver overskriden skal anleggsarbeida stansast. Dersom overskridinga skyldast tiltaka, skal anleggsarbeida ikkje starte opp at før årsaka til overskridinga er løyst.

Leidningar og røyr

Dykkerinspeksjon av tiltaksområdet tyder på at det er fleire leidningar og installasjonar i området enn det går fram av eksisterande kartgrunnlag. Vi sett difor vilkår om ytterlegare kartlegging før arbeida setter i gang. Om eventuelt kartlagde installasjonar flyttast på eller blir liggande er opp til tiltakshavar, med det stilles krav om at arbeida utførast på ein slik måte at dei ikkje vert skadde eller påverka.

Handtering av fjerna dekk

Etter dekk er fjerna frå sjøbotn skal dei reingjerast før vidare behandling. Søkar opplyser at dei enten skal spylast rett etter opptak, eller suges reine for sediment, avhengig av vald metode. Vi set som vilkår at spyling av dekk må utførast innafor montert siltgardin. Viss dekk reingjerast ved bruk av sug, skal det utførast på ein slik måte at spreining av partiklar vert minimert.

Dersom dekk skal fraktast til ein anna plass for spyling må dette søkast om som eit eige tiltak.

Vi legg til grunn at sedimenta som fjernes frå dekk er forureina, men om forureininga føres tilbake til tiltaksområdet vil dei bli tildekka. Forureininga tas dermed ut av sirkulasjon innan tiltaket er avslutta.

Tildekking

Etter at dekkdeponiet er fjerna skal tiltakshavar utføre ei kartlegging av sjøbotnen i det aktuelle området for å dokumentere forureiningssituasjonen. Kartlegginga skal danne grunnlag for eit tildekkingsplan, dei mest forureina områda skal dekkast til. Vi sett som vilkår at tildekkingsplanen skal sendes til Statsforvaltaren for godkjenning.



Etter at tildekkinga er utført skal det gjerast ein kontroll av tildekkingslaget med ROV eller dykkar. Føremålet med kontrollen er å stadfeste at rett tjukkeleik er oppnådd over heile arealet. Kontrollrapporten skal inngå i sluttrapporten til Statsforvaltaren.

Når det gjeld Norges Miljøvernforbund sin merknad om slamsuging framfor tildekking, vurderer vi at full fjerning av forureina sediment via slamsuging over eit større areal vil medføre ein uakseptabel risiko for spreiring av finstoff og oppvirvling av miljøgifter til det marine miljøet. Deponiet ligg i eit skråande undervass-terreng med blautbotn, noko som gjer tildekking med reine massar (sand og grus) etter fjerning av sjølve kjelda (bildekka) til det sikraste tiltaket for å hindre spreiring på lang sikt. Dette er i samsvar med Miljødirektoratets rettleiar M-350³ for handtering av sediment. Vi har sett strenge vilkår til at tildekkingsmassane skal vere reine og leggast ut på ein måte som unngår skred og unødig oppvirvling

Statsforvaltaren meiner at faren for spreiring av forureining og negativ påverknad er akseptabel med dei avbøtande tiltaka som er gjeven i dette løyvet. Dei søkte tiltaka er teken inn som vilkår i løyvet, med dei endringar og presiseringar som Statsforvaltaren har bestemt.

Vurdering etter naturmangfaldlova og vassforskrifta

Tiltaket er lite og avgrensa i omfang og varigheit. Tiltaksområdet ligg om lag 350 meter frå det registrerte gytefeltet *Hjelmåsvågen*, men dette gytefeltet er ikkje verifisert av Havforskningsinstituttet. Det næraste verifiserte gytefeltet er *Aust for Fyllingsnes*, eit regionalt viktig gytefelt for torsk om lag 2,5 km aust for tiltaksområdet.

Tiltaket er planlagt utført i vinterhalvåret, i hovudsak utanfor gytetida for torsk. Med effektive avbøtande tiltak for partikkelspreiring og kontinuerleg overvaking av turbiditet vurderer vi at fare for forureining og negativ påverknad utgjør lav og akseptabel risiko.

Krav til kunnskapsgrunnlaget er etter vår vurdering oppfylt, jf. naturmangfaldlova § 8. Sidan vi vurderer kunnskapsgrunnlaget som tilfredsstillande vil ikkje føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9 komme til anvending.

Vi har tatt omsyn til økosystemet og den samla belastninga (NML § 10) gjennom vurderingar som ligg til grunn for krava som er sett i vilkåra i løyvet. NML § 11 påpeikar at det er tiltakshavar som skal bære kostnadane til avbøtande tiltak. Dersom det er naudsynt med driftsstans på anlegget for å unngå uakseptabel grad av forureining som følgje av anleggsverksemda, vil denne meirkostnaden også reknast som i samsvar med NML § 11. Vi krev også at det skal nyttast dei beste mogleg tekniske løysningane som ut frå ei kost/nytte-vurdering gjev best mogleg resultat for miljøet, jf. NML § 12. Elles viser vi til våre vurderingar og grunngjevingar ovanfor under punktet *Grunngjeving for valde vilkår og krav*.

Miljømålet vassforskrifta er at alle vassførekomstar skal oppnå minst god økologisk og kjemisk tilstand. Ein forverring av ein vassførekomst kan ikkje tillatast med mindre det er mogelegheit til å gje unntak, jf. vassforskrifta § 12.

I denne saka legg Statsforvaltaren til grunn at tiltaket vil gje ein midlertidig og lokal negativ påverknad under anleggsarbeida frå oppkvirvling av forureina sediment, men at tilstanden i resipienten vil bli gjenoppretta når arbeidet stansar. Ettersom målet med tiltaket er å få fjerna en

³ [Veiledning for håndtering av sediment – Miljødirektoratet \(2018\)](#)



kontinuerleg kjelde til PAH og mikroplast frå resipienten, vil det på sikt bidra til å forbetre miljøtilstanden i vassførekomsten. Vi ser det derfor ikkje som sannsynleg at tiltaket vil kunne føre til at miljømåla ikkje vert nådde, eller at tilstanden i vassførekomsten blir forverra. Krava i vassforskrifta er difor ikkje til hinder for å gje løyve etter forureiningslova.

Endring og omgjerung

Vi vil påpeike at all forureining frå verksemda isolert sett er uønskt. Sjølv om utsleppa er innanfor dei fastsette grensene, pliktar verksemda å redusere utsleppa så langt som mogleg utan urimelege kostnader. Det same gjeld utslepp av komponentar det ikkje er satt grenser for gjennom særskilte vilkår.

Verksemda er pliktig til å unngå unødvendig forureining, jf. forureiningslova § 7. Viser det seg at forureiningsforholda endrar seg, kan Statsforvaltaren med heimel i forureiningslova § 18 endre vilkåra i løyvet og sette nye vilkår, og om nødvendig trekkje løyvet tilbake. Endringar skal vere basert på skriftleg sakshandsaming og ei forsvarleg utgreiing av saka. Ein endringssøknad må difor sendast i god tid før ei eventuell endring kan gjennomførast.

At vi har gitt løyve til forureining fritar ikkje erstatningsansvar for skade, ulemper eller tap som forureininga ha ført til, jf. forureiningslova § 56. I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, pliktar verksemda å overhalde forureiningslova og produktkontrolllova med tilhøyrande forskrifter. Nokre av forskriftene er nemnde i løyvet. For informasjon om andre reglar som kan vere aktuelle for verksemda viser vi til heimesida til Miljødirektoratet, www.miljodirektoratet.no. Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79.

Brot på krav som følgjer direkte av forureiningslova og produktkontrolllova med tilhøyrande forskrifter er òg straffbart.

Rett til å klage

Partane som er involvert i saka og andre med særleg interesse kan klage innan tre veker frå verksemda har mottatt dette brevet, jf. forvaltningslova § 28. I ein eventuell klage skal det gå klart fram kva klagen gjeld, og kva endringar ein ønskjer. Klagen bør vere grunngjeven og skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland. Klageinstans er Miljødirektoratet.

Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket blir utsett. Statsforvaltaren eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding, eller på eige initiativ, avgjere at vedtaket ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Ei slik avgjer kan det ikkje klagast på.

De kan også klage på vedtaket om gebyrsats, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Ein eventuell klage skal vere grunngjeven, og han må sendast til Statsforvaltaren i Vestland innan tre veker. Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at vedtaket blir utsett. Verksemda må difor betale det fastsette gebyret. Dersom Miljødirektoratet godtar klagen, vil overskotsbeløpet verte refundert.



Med helsing

Lars Martin Færseth Lars Marin Færseth
seksjonsleiar seksjonsleder

Rasmus Rikter-Svendsen
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent